

Løn og overtids ordning for lærlingar 2018-2019 Endringar med mellomoppgjør gjeldane frå 1 april 2018

Timelønn for utrekning av prosentsatsen som lærlingen skal lønast etter er **pr.01.04.2018 på kr.203,80** . Satsen er henta frå Fellesoverenskomsten for byggfag.

Lærlingar avlønast etter bedriftas lønssystem. Grunnlaget for berekning av lønna er nyutdanna fagarbeidarløn innanfor lærlingens fagområde i bedrifta.

Bedrifter som lønner nyutdanna fagarbeidarar over kr 203,80 vert anbefalt av styret i Byggopp Sogn og Fjordane å bruke den satsen som timegrunnlag til lærlingen sin løn.

Lønnstabell for lærlingar m/ 2 år (2,5 år) i bedrift.

Tidsrom	Timegrunnlag	Prosentats.	Timelønn
1. halvår	Kr 203,80	30 %	Kr 61,14
2. halvår	Kr 203,80	40 %	Kr 81,52
3. halvår	Kr 203,80	55 %	Kr 112,09
4. halvår	Kr 203,80	75 %	Kr 152,85
5. halvår*	Kr 203,80	80 %	Kr 163,04

* Gjeld rørleggjar lærlingar(dei har 2,5 års læretid)

Bedrifta held lærlingen med nødvendig og godt verktøy. Skjøtsel av maskiner, verktøy material og utstyr vert ivaretatt av lærlingen.

For lærlingar som i henhold til læreplanen skal ha teoriopplæring utover Vg2, skal bedrifta dekke løn og kostnad for denne teoriopplæringa.

Arbeidsgjevar dekkjer løn og utgifter til prøveavlegging.

Arbeidsgjevar dekkjer løn ved den teoretiske delen av fagprøva.

Lønnstabell for lærlingar m / 3 år i bedrift

Tidsrom	Timegrunnlag	Prosentsats	Timelønn
1. halvår	Kr 203,80	30 %	Kr 61,14
2. halvår	Kr 203,80	35 %	Kr 71,33
3. halvår	Kr 203,80	40 %	Kr 81,52
4. halvår	Kr 203,80	45 %	Kr 91,71
5. halvår	Kr 203,80	55 %	Kr 112,09
6. halvår	Kr 203,80	75 %	Kr 152,85

q

Lærlingar med avvikande kontrakts vilkår

Lærlingar med minst 10 månaders arbeidserfaring som tilsett i heiltids stilling og som ikkje er tilsett i bedrifta frå før og som inngår lærekontakt etter forskrift i Opplæringslova § 11 - 12, 2. ledd, avlønast etter følgjande prosentskala;

1. halvår	2. halvår	3. halvår	4. halvår	5. halvår	6. halvår	7. halvår	8. halvår	9. halvår*
45 %	45 %	55 %	60 %	70 %	80 %	80 %	80 %	85 %

*) gjeld lærlingar i røyrleggjarfaget.

Når ein inngår lærekontrakt med arbeidstakar som er tilsett i bedrifta frå før som ufaglært/hjelppearbeidar/spesialarbeidar, skal lærlingen framleis lønast som hjelppearbeidar.

Det føresett også at arbeidstakaren ikkje kan framstille seg til prøve etter opplæringslova § 3 - 5 om allsidig praksis i faget.

Lærlingar med full opplæring i bedrift

Lærlingar med full opplæring i bedrift avlønast etter følgjande prosentskala:

1. halvår	2. halvår	3. halvår	4. halvår	5. halvår	6. halvår	7. halvår	8. halvår	9. halvår
30 %	30 %	40 %	40 %	50 %	55 %	55 %	75 %	80 %*

*) gjelder lærlingar i røyrleggjarfaget med 2 ½ år i bedrift

Bedrifta dekker utgifter til læremateriell ved teoriopplæring.

Overtidslønn for lærlingar

Lærlingar som blir pålagt overtidsarbeid skal lønnast som ufaglærte arbeidstakarar. Det er eit resultat av lønnsoppgjøret mellom LO/NHO i 2008. LO fikk gjennomslag for at overtidsarbeid ligger utanfor lærekontrakten. Det betyr at lærlingar ved overtidsarbeid må lønnast etter overeinskomstens regler for ufaglærte, dvs. arbeidstakarar utan fag eller sveinebrev. Ny bestemming i Fellesovereinskomsten har følgjande ordlyd:

§ 3-1 Generelt for alle kategoriar lærlingar og lære kandidat

Overtidsgodtgjering

Ved overtidsarbeid skal lærlingane minst lønnast som øvre ufaglærte i bedrifta.

Grunnlaget for berekning av overtidsgodtgjersle er satsen i § 2-8 – Overtidsgodtgjersles.

Ved akkordarbeid, sjå § 4-10 nr 2.

Dersom bedrifta har eigen lønnsats for ufaglærte i sitt lønssystem, så er det denne satsen som skal betyttes. Dersom bedrifta ikkje har slik lønnsats, må minstelønnsatsane i overeinskomsten brukast. Frå 1. april 2018 er satsen kr. 183,10 og kr. 191,00 (meir enn 1 år praksis i faget) Matpenger ved overtid kr 86,50

Grunnlaget for berekning av overtidstillegget på 50 % eller 100 % er satsen i fellesovereinskomsten på kr 252,80. Ved eventuell overtid ved akkordarbeid fastsettes andel i akkorden på same måte som for ufaglært.

Regne eksempel på overtidslønn for timelønna

Bedriftas lønn til ufaglært	kr. 183,10 pr. time
+ Overtidstillegg kr. 260,38 x 50 %	<u>kr. 130,19 pr. time</u>
= Betaling for overtid til lærling	<u>kr. 313,29 pr. time</u>

For overtidsarbeid etter kl 21.00 betalast fullt overtidstillegg på kr 260,38
I eksempelet over blir samla overtidsbetaling til lærlingen etter kl 21.00 følgjelig kr. 443,48 pr. time.

Reise og gangtidssatsar - Satsane gjeld frå vedtakstidspunkt 27. april 2018

Kor nattoophald ikkje er nødvendig

- når arbeidstakar sjølv kjører

- Mellom 7,5 til 15 km. kr. 98,10
- Mellom 15 til 30 km. kr. 162,50
- Mellom 30 til 45 km. kr. 190,80
- Mellom 45 til 60 km. kr. 218,40
- Mellom 60 til 75 km. Kr. 247,80

**Ca. halvparten av godtgjeringa er løn for ekstra lang reisetid (over normalt 7,5 km).
Denne lønnsdelen er redusert for lærlingar til 85 %.**

når arbeidsgjevar ordnar transsport

- For avstand frå 7,5 til 15 km kr. 58,70
- For avstand frå 15 til 30 km kr. 98,20
- For avstand frå 30 til 45 km kr. 117,40
- For avstand frå 45 til 60 km kr. 137,00
- For avstand frå 60 til 75 km kr. 157,40

Lærlingane får dekkja 70 % av desse satsane.

For røyrleggjarar er reise og gangtid inntil 1,5 t pr dag. Sats kr 75,50 for lærlingar

Reise- og gangtid inntil 1½ timer daglig og faller utenfor arbeidstiden.

For denne tid betales:

Rørlegger: kr.109,50 pr. time

Ufaglært: kr.100,10 pr. time

Lærling: kr. 75,50 pr. time

Verktøygodtgjørelse.

Gjelder for tømrrer, betong, murer og anleggslærlingar.

Lærling som sjølv held tilstrekkelig håndverktøy som kan kontrollerast av arbeidsgjevar, skal ha følgjande godtgjørslar:

- Betong og tømrrar kr 1,70 pr.time
- Murar kr 1,20 pr.time

Dersom bedrifta held håndverktøy har arbeidsgjevaren ikkje rett til godtgjørslar.

NB! Viktigt at lærlingen har og lærer seg å bruke verktøyet da dette skal kontrollerast på fag/sveineprøven.

Fag/sveineprøve

Fram til avlagt fag/ sveineprøve skal lærlingen være sikra arbeid og løn som i sitt siste lærehalvår.

Dersom det går meir en to månader frå læretidas utløp til prøven avleggast, og lærlingen ikkje er skyld i dette, skal lærlingen etterbetalast differansen mellom utbetalt løn og gjeldane fagarbeidar løn i bedrifta for tida utover 2 månader.

Læretida avsluttast ved avlegging av førstegangs fag/ sveineprøve.

Ved ikkje bestått prøve kjem Forskrift til Opplæringslova §4 - 56 i bruk.

Dersom ein avtalast frivillig forlenging i henhold til § 4 - 56, nyttast siste halvårs sats.

Arbeidsavtale:

Etter Opplæringslova § 4 - 2 skal bedrifta der lærlingen er arbeidstakar også skrive arbeidsavtale med lærlingen (i tillegg til lærekontrakt). Kopi av denne skal sendes Byggopp.

Om læretida vert forlenga, må også arbeidsavtalen forlengast.

Med helsing

Byggopp, Sogn og Fjordane

Nils Arne Ødegård

-opplæringsleiar-

Byggopp Sogn og Fjordane

Førde 15.07.2017